

X


Nissedal kommune

Arkiv: 487
 Saksmappe: 2024/1677-46
 Sakshandsamar: Jonas Johansen
 Bjørnsveen Sørensen
 Dato: 16.02.2026

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	10/26	26.02.2026

N - Vegtrase - Jettegrytene - Søknad etter forenklet planprosess

Vedlegg

- 1 N - Vegtrase - Jettegrytene - Inspel til reguleringsplan
- 2 Uttale til endring etter enklere prosess (pbl. § 12-14) av reguleringsplan for Jettegrytene - planID 2019002 - Nissedal kommune.PDF
- 3 Jettegrytene høringsuttalelse.pdf
- 4 Høringssvar 2026.pdf
- 5 Vegtrase - Jettegrytene - Nissedal kommune - Søknad etter forenklet planprosess.PDF
- 6 Jettegrytene - innspel - forenkla planprosess..docx
- 7 N - Vegtrase - Jettegrytene - Innspill Georg Vik
- 8 N - Vegtrase - Jettegrytene - Innspill Thor Johan Andersen
- 9 Uttalelse - oppstart av endring - reguleringsplan - forenklet prosess - Nissedal - Jettegrytene .pdf
- 10 Jettegrytene1.docx

Fakta i saka:

Interkommunalt plankontor har laga søknad etter forenkla planprosess for reguleringsplan Jettegrytene, planid: 4030_2019002. Forslag til planendring vart først send på høyring til naboar, ramma og andre myndigheiter med frist for merknader sett til 28 april 2025.

Statsforvaltaren sa i høyringssvar 28.04.2025 at det ikkje lå tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag med omsyn til naturmangfald at nokon kunne ta stilling til planendringen. Av den grunn ble naturmangfaldvurdering (NIN-kartlegging) bestilt av Asplan Viak i området.

Uført NIN-kartlegging mottok plankontoret 10.11.2025.

Etter dette ble planendringa igjen sendt på høyring til naboar, ramma og andre myndigheiter, med høyringsfrist 15.januar Grunna ferieavvikling og stor saksmengda spurte Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark om utsett frist til 29 januar 2026.

Planprosess

Regjeringa har vedteke endringar i plan- og bygningsloven § 12-14 som omhandlar endring og oppheving av reguleringsplan. Endringane medfører moglegheiter for ein forenkla saksgang dersom endringane i liten grad vil påverka gjennomføringa av planen elles, ikkje gå utover hovudrammene i planen og heller ikkje berører omsynet til viktige-natur og friluftsområde. Endringsforslaget som no blir lagt fram blir vurdert av kommunen å kunna behandlast etter denne typen saksgang.

Bakgrunn for endringa

Interkommunalt plankontor for Nissedal og Kviteseid hadde ein søknad om dispensasjon på høyring i perioden 12.12.24 – 14.02.2025 om Jettegrytene angående endra vegtrase.


I høyringssvaret frå statsforvaltar kom det fram at det ikkje var ønskjeleg med å få inn ein ny vegtrase utan å fjerna den gamle vegtraseen i noverande plan.


Av den grunn er det ønskjeleg med ei reguleringsendring for Jettegrytene etter forenkla planprosess.

Formålet med planendringa er å leggja til rette for ny vegtrase som ligg utanfor planområdet og fjerne den gamle vegtraseen i noverande plan i tillegg å få inn eit område for næring/teneste i gjeldande reguleringsplan og dessutan gjennomføra mindre korrigeringar i plankartet og føresegnene.

Disse endringane er ønsket for å få en kortare veg inn til regulert parkering. Forslag til ny veg prøver å unngå myr, blankpolert svafjell, bekk/elv og dyrebar natur så mye som mogleg. Måten dette gjerast på er at man går inn i området frå ein anna side, av den grunn må planområdet utvidast med ca. 19daa.

Ved å få inn eit egna sted for næring/tjeneste slik at ein kan få eit område nærme Jettegrytene, som kan ha toalett, avfallsplass og eit egnet sted å grille eller lignende. Vil det få en positiv effekt når det kommer til søppel, ryddighet og fare for brann.





Bildet over syner forslag til

Foreslåtte endringer

Planendringa vil gjelde å utvide planområdet med ca. 18900 m² og endre innkørselen til ny parkeringsplass(f_SPP1) og fjerne gammel innkørsel.

Veitrase SKV6(1361m) tidlegare del av SKV2 blir teken ut av planen, han blir erstatta vegtrase forslag SKV4(767m) blir teken inn. Det har også komme forslag til å få inn eit areal N/T1 regulert til næring/teneste på ca. 1850m². Vidare så vil det bli nokre namneendringar på areal då like område blir slått saman.

I den forenkla planprosessen er det planlagt og trekke ut og endre SKV4(veg) til skogbruk. SKV4 sitt areal er på 7243,25m². Videre er det planlagt og sammanføye skogbruk områdene LSK2 og LSK3. Videre skal vidare nummerering av LSK senkast med ein frå og med LSK3 og oppover

Det nye området som er ønsket å få innlemma i planen er på 18872,10m². Dette området inkluderer formåla skogbruk og kjøremål.

Forslagsendringa vil føre til at ny vegalternativ som skal føre til ny parkeringsplass blir markant kortare. Dette vegalternativet vil bruke ca. 2085m allereie eksisterande veg og i sin heilheit bli lengre, enn nåverande løysning.

I forhold til vegen som allereie er regulert inn, vil ikkje det nye alternativet føre til at vegen går over myr, blankpolert svafjell og større bekk/elv.

I planområdet er det 2 hytter som på det næraste er ca. 190 meter frå den allereie regulerte vegen. Den nye vegen vil være lengre unna ca. 320 meter og komme inn bak et høgdedrag, noko som vil føre til mindre støy for hyttene.

Den nåverande situasjonen om vegen følger bakken utan behandling vil få en maksimal stigningsprosent på 16,4 prosent. Dette vil vere altfor mykje, men ved tilrettelegging, ved f.eks. tilføring av masser vil man kunne få denne ned til en stigningsprosent som er akseptabel (under 12%).

Avbøtande tiltak som anbefalt i naturmangfoldrapporten blir ført inn i kart og føresegner. Disse anbefalingane er:

- Brannområdet og naturtypelokaliteten med gammel furuskog bør avsettes som hensynssone H560 hvor all hogst av levende og døde trær forbyes, og det bør settes opp informasjon om brann i skog og mulige forekomster av insekter i trærne, og videre oppfordre til å ikke ødelegge/bruke ved fra døde eller levende trær
- Bevare lågen med furuplett (NT).
- Unngå å hogge forekomster av furustokkjuke (NT) dersom dette er mulig.
- Bevare trærne med hulrom. Disse bør merkes under anleggsarbeidet. Dersom det er hekkeaktivitet må disse ikke forstyrres under hekketiden.
- Unngå områder med størst potensial for mørk papirveps (EN). Dette innebærer å ikke gjøre inngrep i de skrinne furuskogsområdene med vest- eller sørvendte berg ved Bjønnmyra-området med mindre det har blitt kartlagt og konstatert at arten ikke forekommer der.



Figur 3.7: Naturtypelokaliteter i tiltaksområdet. Alle lokaliteter er i strekningen mellom Skarvetjønnmoen og Jettegrytene. Kartleggingsområdet i svart. Turveien går øst-vest gjennom kartleggingsområdet.



Figur 3.10: Oversikt over kartlagte rødlistede sopper. Furustokkjuke NT i oransje og furuplett NT i rødt.

Høyrings svar:

Telemark Fylkeskommune 08.01.2026
Ingen merknader til reguleringsendring

Kommunens kommentar:
Innspel er tatt til etterretning.

Jettegrytene AS 11.01.2026

Støttar planendringa fullt ut. Jettegrytene er ei av dei største besøksattraksjonane i Telemark, og dagens situasjon med høg ferdsel utan tilstrekkeleg tilrettelegging er ikkje berekraftig – verken for natur, tryggleik, forsøpling, sanitær eller for område. Det er difor heilt nødvendig å gjennomføre planendringa som no ligg føre:

- Betre og meir styrt adkomst,
- Moglegheit for toalett/avfall/ ordna parkering
- Redusert naturbelastning gjennom styrt ferdsel
- Grunnlag for lokal verdiskaping og arbeidsplassar.

Det kjem store mengder besøkande til Jettegrytene årleg (i storleiksorden titusenvi). Når belastninga er høg og området ikkje er dimensjonert for det, skjer det vi allereie ser i praksis:

- Meir forsøpling og slitasje
- Uheldig bruk av terreng og vegetasjon
- Utrygge situasjonar (adkomst/parkering/framkome)
- Sanitærløysingar som ikkje held mål for dagens bruk.

Planendringa vil ha en positiv effekt på dette og forsøpling, ryddighet og brannfare.

Jettegrytene AS meiner kommunen si saksframstilling/høyring slik ho ligg føre, blir for einssidig problemorientert og i for liten grad viser den samla samfunnsnytta:

- Det står lite/ingenting om positive effektar av tiltaket for besøksforvaltning, forsøpling, sanitær, tryggleik og brannførebygging – trass i at kommunen sjølv skriv at næring/tenestområdet vil gi nettopp desse effektane.
- Det står lite/ingenting om at tiltaket er ei nødvendig oppgradering for å handtere dagens faktiske besøkstal og belastning.
- Det står lite/ingenting om at tiltaket er eit grunnlag for lokal verdiskaping, arbeidsplassar og seriøs drift, i tråd med at Jettegrytene er ei reiselivsdriven attraksjon.

Jettegrytene AS ber kommunen om å behandle saka med ein meir heilskapleg balanse der både miljøomsyn og berekraftig besøksforvaltning/verdiskaping blir vurdert samla – slik plan- og bygningslova føreset.

Jettegrytene AS vil trekke frem fleire punkt i forhold til planbehandlninga:

- a) Myr/karbon: Rapporten peikar på at myra ved tiltaksområdet ligg aust for planlagt parkeringsplass, og at ho ikkje ser ut til å bli berørt så lenge anleggsarbeidet held seg innan planavgrensing, og at vegen ikkje ser ut til å hindre vassforsyninga.
- b) Mørk papirveps (EN): Rapporten seier at arten ikkje er registrert i sjølv planområdet, men at han ikkje kan utelukkast i visse parti, og at det er størst potensial i sør- og vestvendte, opne areal/bergparti i Bjønnmyra-området. Samstundes vurderer rapporten at tilkomstvegen i stor grad unngår desse områda, og påverknad er vurdert som ubetydelig.
- c) Styrt ferdsel kan redusere slitasje: Rapporten peikar på at auka tilrettelegging kan gi meir ferdsel, men at oppgradert tilrettelegging òg kan kanalisere ferdsel slik at område blir mindre utsett for slitasje.

På bakgrunn av det over ber Jettegrytene AS kommunen om:

1. Å vedta planendringa slik ho er varsla (vegtrase + fjerning gamal trase + N/T-areal)
2. Å sikre at saksframstillinga i politisk behandling gir eit balansert bilete der også gevinstar for berekraft, forsøpling, sanitær, tryggleik og lokal verdiskaping kjem tydeleg fram
3. Å innarbeide/legge til grunn relevante avbøtande tiltak som nemnt i NiN rapporten.

Kommunens kommentar:

Innspel er tatt til etterretning

Tellef Espestøyl

12.01.2026

Tellef Espestøyl er grunnleiger i Jettegrytene, vegtraseen, og parkeringsplassen ligger i sin heilheit på hans eigendom 49/1. Detaljplanen har som føre mål å tilrettelegge for framtidig utvikling i området.

Området blir oppgradert og sterkt forbedra med plan endringa, ikkje trafikk kaos og parkering av hundrevis av biler langs en smal vei, man må forholde seg til det faktum at det er ca.30 tusen besøkende i jettegrytene årlig som faktisk krever en viss tilrettelegging med p-plass og sanitærbygg. Det er menneskjer frå hele verden som kommer til jettegrytene.

I saksfremlegget står det å lese på side 4, siste avsnitt att “av den grunn om vegen kjem der han er plassert vil han komme seg gjennom myra og området med papirveps uten å forstyrre området stort”. Der vil Tellef Espesøyl presisere at i NiN kartlegginga av vegtraseen var det ikkje funn av papirveps eller andre funn av nasjonale interesser. Vegtraseen går heller ikkje gjennom myr.

Det kan også tolkes slik att parkeringsplassen til jettegrytene ligger ved Dynjanfoss kraftstasjon, det er feilinformasjon, nåverande p-plass ligger ved jettegrytenes øvre del. Ved planendringa vil besøkende spare 5 km. t/r ved å bruke den nye regulerte p-plassen som skal opparbeidast på Tellef Espestøyl sin eigendom

Kommunens kommentar:

Det er sant som Tellef Espestøyl skriv at det ikkje var funn av Mørk papirveps i NIN-kartlegginga, men det var funnet område med potensiale for Mørk papirveps. Vis man i tillegg husker at det har tidlegare vært observert Mørk papirveps tilseier det at man må være ekstra forsiktig. Når det kommer til myr har Tellef Espestøyl igjen rett, men den føreslåtte vegen går i ein omgåande nærleik til Bjønnmyra som tilseier at man må nemne det og være forsiktig.

Statens Vegvesen

13.01.2026

Jettegrytene er til tider eit populært besøksmål, og med lettare tilkomst og en dertil potensiell auke i mengda av besøkjande kan det være hensiktsmessig å vurderer om det er tilstrekkeleg med moglegheiter til at to bilar kan møtast langs den ganske lange skogsbilvegstrekinga frå Dynjanfoss kraftverk og fram til det nye endepunktet for vegen. Vi har elles ingen vesentlege merknader til framlegget for endring av planen.

Kommunens kommentar:

Innspel er tatt til etterretning.

Naturvernforbudet i Vest Telemark(NVVT)

15.01.2026

Natur:

- Området/arealet – både av naturhensyn, tryggleikshensyn og målet med planen – er for inngripande og viktig til at ein kan bruke forenkla planprosess.
- Det er gjennomført ei ny naturkartlegging i området – og der er gjort funn av viktige naturverdiar – og/eller potensielle svært viktige naturverdiar. Det er også vist til nærliggande områder med svært viktige naturverdiar. Gamal skog, tjurre tre, sopp og liggende død ved mm. Så området er svært sårbart for masseturisme – og det bør absolutt ikkje bli lagt til rette for dette.
- Den nye vegen «snor seg» mellom myrar – og gjennom området som har størst potensiale for mørk papirveps – svært stor verdi. Arten kan også finnast i andre delar av planområdet.
All erfaring tilsei at desto fleir folk som blir kanalisera inn – lagt til rette for, i eit område – desto større blir belastningen for naturen og kringliggande område.

Tryggleik

- Saka handlar om tilrettelegging for meir bruk av Jettegrytene for bading og friluftsliv. Dette i og ved eit regulera vassdrag.
- Det har allereie vore ulykker i desse jettegrytene i samband med bading.
- Konesjonsnæren ønsker ikkje bruk av dette området til bading/friluftsliv pga. tryggleiken og fare for at liv skal gå tapt.
- Nissedal kommune burde ta dette på det største alvor – og bidra til begrensing av bruken og adkomsten inn dette området. Ikkje legge til rette for meir kommersiell turisme i eit regulera vassdrag.

På grunnleggelse av dei hensyna for natur og tryggleik er NVVT imot en forenkla planprosess og er imot tilrettelegging av naturen i området.

Kommunens kommentar:

Når det kommer til den forenkla planprosess som ble stoppet av statsforvalteren grunna mangel av Nin-kartlegging. Skriver nå Statsforvaltaren følgande:

«Vi vurderer at våre tidlegare innspel om mangelfullt kunnskapsgrunnlag med omsyn til naturmangfald er svart ut, og at dei nye tiltaka som er gjenstand for forenkla prosess ikkje er i direkte konflikt med naturmangfald av nasjonal interesse.»

Og med det at tolkinga frå kommunen om at tiltaka kan gjerast forenkla planprosess er mogleg.

I området er det som NVVT skriver registrert lokalitetar/arter med verdier frå middels til svært stor. Når det er sagt for denne planendringa med veg og næringsbygg er det berre to arter som blir vurdert for påverking og konsekvensgrad.

Dette er Furustokkjuke og Mørk papirveps, henholdsvis verdi middels og svært stor. Når det kommer til påverking og konsekvens av tiltaket ser en at det vil være av ubetydeleg påverking og konsekvens.

Tabell 6-1: Vurdert påverking- og konsekvensgrad for tiltaket.

Lokalitet/art	Verdi	Påverking	Konsekvens
Måfjell vest: Gammel furuskog med furustokkjuker	Stor	Ubetydelig	Ubetydelig konsekvens
Brannpåvirket skog m/potensielle insekter	Stor	Noe forringet	Noe negativ konsekvens
Skarvetjønnmoen I: Flomskogsmark (VU)	Stor	Ubetydelig	Ubetydelig konsekvens
Skarvetjønnmoen II: Flomskogsmark (VU)	Stor	Ubetydelig	Ubetydelig konsekvens
Reinfossia II: Flomskogsmark (VU)	Stor	Ubetydelig	Ubetydelig konsekvens
Reinfossia I: Åpen flomfastmark (NT)	Middels	Ubetydelig	Ubetydelig konsekvens
Furustokkjuke (NT) ved turveg	Middels	Noe-middels forringet**	Middels negativ konsekvens
Furustokkjuke (NT) v/næringsbygg	Middels	Ubetydelig	Ubetydelig konsekvens
Furuplett (NT)	Middels	Sterkt forringet**	Middels negativ konsekvens
Mørk papirveps (EN)	Svært stor	Ubetydelig*	Ubetydelig konsekvens*

*I tillegg vurdering grunnet hørsatt kunnskapsgrunnlag

Kommunen set inn dei avbøtande tiltakane som blir anbefalt i naturmangfoldvurderinga.

Videre vil kommunen minne på at vegen inn til parkeringsplassen og parkeringsplassen allereie er regulert i planen. Konsekvensane av parkeringsplassen vil dermed ikkje høyre heime i dette endringsforslaget.

Planendringa er tiltak for å gjere vegen kortare inn til parkeringsplassen. Videre er næringsarealet som er foreslått legge til rette for toalett og søppel handtering. Noke som forhåpentlegvis føre til mindre søppel. I næringsarealområdet vil det også bli lagt til rette for grilling, noko som minske faren for brann.

Thor-Johan Andersen

19.01.2026

Stiller seg positiv til den foreslåtte planendringa. Forslaget står fram som eit klart løft for både naturomsyn, tryggleik og besøksforvaltning ved Jettegrytene. Den nye vegtraseen og fjerninga av gammal innkøyrse blir vurdert som ei tydeleg forbetring ved at løysinga blir meir omsynsfull og styrer unna sårbare område som myr, blankpolert svaberg og større bekk/elv, samtidig som tilkomsten til parkering blir meir funksjonell. Vidare er det svært positivt at vegen blir lagd slik at han gir mindre støybelastning for eksisterande hytter, mellom anna gjennom auka avstand og skjerming bak høgdedrag. Me støttar også etablering av areal for næring/teneste (toalett, avfallsløysing og tilrettelagt samlingspunkt). Dette vil gi betre orden, redusera forsøpling og bidra til lågare brannrisiko, og dermed gi ein meir berekraftig og trygg bruk av området. Endringane vil gi ei positiv lokal verdiskaping, og utviklinga kan ventast å gi ringverknader til handel, overnatting, matservering og andre tenester.

Kommunens kommentar:

Innspel er tatt til etterretning.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark 29.01.2026

Etter tidlegare fråsegn frå 28.04.2025 ble det vurdert at det ikkje var tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag med omsyn til naturmangfald til å ta stilling om at planen kunne få følger for viktig natur. Det ble tilrådd at det måtte utførast en Nin kartlegging.

Statsforvaltaren ser at kartlegginga dekkjer både dei nye tiltaka; ny veg og areal N/T1, men òg område for planlagd turveg GT1 i eksisterande reguleringsplan. Kartlegginga viser at dei nye tiltaka ikkje kjem i direkte konflikt med naturverdiar, men at det er registrert ei furustokkjuke i nærleiken av nærings/teneste arealet N/T1. Det er òg funne størst potensiale for å finne mørk papirveps (EN) i sør- og vestvende opne areal i Bjønnyra-området, men at det ser ut som at desse i stor grad blir unngått ved bygging av ny veg. Det er foreslått avbøtande tiltak om å utvise ekstra aktsemd rundt områda med potensial for mørk papirveps. Det er òg kommentert frå kommunen at den nye vegen ikkje vil gå over myr, blankpolert svafjell og større bekk/elv, og vil liggje lenger unna to hytter enn tidlegare regulert veg som blir teken ut.

Statsforvereren vurderer at våre tidlegare innspel om mangelfullt kunnskapsgrunnlag med omsyn til naturmangfald er svart ut, og at dei nye tiltaka som er gjenstand for forenkla prosess ikkje er i direkte konflikt med naturmangfald av nasjonal interesse.

I rapporten om Nin kartlegginga har Asplan Viak tilrådd ei rekke avbøtande tiltak som:

- Brannområdet og naturtypelokaliteten med gammal furuskog bør avsetjast som omsynssone H560 der all hogst av levande og døde tre blir forbode, og det bør setjast opp informasjon om brann i skog og moglege førekomstar av insekt i trea, og vidare oppmode til å ikkje øydeleggje/bruke ved frå døde eller levande tre.
- Bevare lågen med furuplett (NT).
- Unngå å hogge førekomstar av furustokkjuke (NT) dersom dette er mogleg.
- Bevare trea med holrom. Desse bør merkast under anleggsarbeidet. Dersom det er hekkeaktivitet må desse ikkje forstyrast under hekketida.
- Unngå område med størst potensial for mørk papirveps (EN). Dette inneber å ikkje gjere inngrep i dei skrinne furuskogsområda med vest- eller sørvende berg ved Bjønnyra området med mindre det har vorte kartlagt og konstatert at arten ikkje førekjem der.

Statsforvaltaren merkar oss òg at Asplan Viak har kommentert at «I denne rapporten var det kun krav om å utrede turvegen kalt GT1. Turveg GT2 går over brannområdet. Denne vegen vil derfor få større negativ konsekvens enn GT1. Dette bør tas i betraktning i vidare planlegging».

På bakgrunn av historikken i saka og ny kunnskap rår miljøavdelinga sterkt til at dei tilrådde avbøtande tiltaka både for dei nye regulerte tiltaka og for allereie planlagde tiltak blir innarbeid i plankart og føresegner. Statsforvaltaren rår òg til at kommunen vurderer konsekvensane av turveg GT2 og sikrar tilstrekkeleg avbøtande tiltak. Det blir vist til Statsforvaltaren sitt brev til kommunane datert 21.03.2025, og minner om at kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å vurdere konsekvensane for naturmangfald etter prinsippa i naturmangfoldloven §§ 7-12.

Kommunens kommentar:

Avbøtande tiltak vil bli innarbeide i plankart og føresegner.

Georg Vik

29.01.2026

Som ny eiger av 46/1 Stordale har han en plan om å utvikle turistattraksjonen Jettegrytene. Som kjent har det vært problem med parkering i høy sesong på Jettegrytenes parkering. Slik Georg Vik ser det vil det være naturlig og ikkje minst mest skånsamt for naturen at eksisterande parkering blir hos meg og blir utvida til nødvendig størrelse.

Ved å vidareutvikle dei allereie eksisterande anlegg som er der, vil det ikkje være nødvendig med tanke på natur- og miljøhensyn å anleggje ny veg og parkering. Etablering av ny infrastruktur vil etter Georg sitt syn innebære unødvendige naturinngrep og økt samla belastning på området, dette vil gjere at Jettegrytene vil miste sin naturlege sjarm.

Videre skriv Georg Vik at hovuddelen av Jettegrytene, herunder de mest attraktive og besøkte partane, ligger på hans eigendom. Dette har vært et sentralt moment i Georg Vik sin økonomiske og driftsmessige planlegging ved overtakelsen av Stordale. Det vil derfor være rettsleg og prinsipielt problematisk dersom Jettegrytene AS etablerer parkering og fasilitetar som i praksis legger til rette for økt ferdsel og belastning på Georg Vik sin eigendom, utan avtale eller samtykke frå han som grunneigar.

Kommunens kommentar:

Det er som Georg Vik skriv at ved høgsesong har det vært et problem med parkering ved Jettegrytene. Dette er grunnen for at parkeringa SPP1 på eigendom 49/1 og veg SKV2 ble regulert inn. Det er denne vegen som nå er ønsket endra. Da vegen vil bli kortare og gå over mindre natur som myr og blankpolert fjell. Det er viktig å minne på at ved et nullalternativ altså om endringa ikkje finner sted vil parkering og veg fortsatt kunne bli bygget på gammal trasé.

I planføresegn 3.11 og 4.3 er parkeringsplassen som er på eigedom 46/1 nemnt.

«3.11 Trafikktilhøve Besøkande til Jettegrytene kan i dag velje mellom parkering på Skarvetjønnoen, og gå derifrå til Jettegrytene. Eller dei kan, så framt vegane er opne, køyre den ca. 7 km lange vegsløyfa via Espestøylvegen og Grønsteinvegen fram til parkeringsplassen på g/bnr. 46/1 oppstraums Jettegrytene, og gå derifrå og ned til Jettegrytene. Alternativet med å køyre rundt kan by på utfordringar ved høgt besøkstal inn i området. Vegen er fleire stader for smal til at to bilar kan møtast, og det er for langt mellom opparbeidde møteplassar. Kryssinga av Fyresåna på botnbrua ved Hurv kan også vere problematisk om vassføringa aukar for brått. Då vil fleire personbilar ikkje kunne kome over, og dermed risikere å bli innestengd. Dette har ført til at enkelte då tek unødige sjansar med fare for skade på menneske og materiell.»

«4.3 Særleg om den alternative vegtilkomsten/parkeringsplassen Dette tiltaket kan ha eit meir langsiktig gjennomføringsperspektiv. Det er i dag etablert to parkeringsplassar innanfor planområdet, ved øvre del av Jettegryte-området på g/bnr. 46/1, og på Skarvetjønnoen på g/bnr. 45/26. Planen vidarefører eksisterande løysingar, med moglegheit for utvidingar av desse. Planen viser også ein tredje parkeringsplass, ved enden av planlagt veg frå Koranmoen og opp til platået vest for Tuvtjønn. Alternativet vil korte ned tilkomstvegen med ca. 4 km, og det blir ikkje lenger kryssing av elveløpet på botnbru. Parkeringa vil derfor skje på «rett» side i høve til faremomentet flaum, og nedkorta veglengde vil isolert gi mindre vedlikehaldskostnader. Vegen vil også gi nærare bilvegtilkomst for to fritidsbustader og til ca. 200 dekar produktiv skog. I høve til innteikna veg/p-plass ved varslinga av planoppstart, er plasseringa over myr nå unngått så langt som råd.»

Om ein ser på eit eigedomskart vil en sjå at 49/1 eiger den eine sida av Fyresdalsåna/Jettegrytene og 46/1 eiger den andre sida. Dette fører til at de to eigendommene eiger rundt en halvdel kvar og kommunen vil ikkje kommentere kva som er dei mest attraktive og besøkte delane av Jettegrytene.

I plan og bygningsloven §21-6 står det følgande: *«Med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av søknad om tillatelse.»* Som planmynde vurderer kommunen den langsiktige arealforvaltninga i planområdet, ut frå gjeldande føringar og lovverk. Endre eigarforhold endrer ikkje vår vurdering av saka.

Ved å endra innkøyrseplanen til parkeringsplassen så fell grunnlaget bort å ha delar av 45/206 i reguleringsplanen. Dette arealet var berre der for å sikra tilkomst med ny veg inn til Jettegrytene. Av den grunn blir det ønskt at dette arealet blir trekt ut av planen.

Kommentaren til kommunen:

Ved å fjerna dette arealet vil det bli ei endring av grensene til planen og planen vil då ut igjen på høyring. Av den grunn er det ikkje ønskjeleg. Når det er sagt vil areal som er i reguleringsplanen på 45/206 bli det same som på kommuneplanens arealdel.

Kommunedirektørens vurdering av forslaget/endingane:

Kommunedirektøren meiner planending vil gjera reguleringsplanen med oppdaterte føresegner og plankart meir føreseieleg for eigarar av eigedommar i planområdet. Forslag til endingar i føresegnene er vist med raud farge.

Konsekvensane av endringsforslaget for eksisterande fritidsbusetnad blir vurderte til å vera mindre vesentleg og heller meir føreseieleg. Dei foreslåtte endingane vil gje rom for mindre misforståingar i ei eventuell byggjesaksbehandling.

For å kunna endra ein reguleringsplan er det nokre vilkår som må vera oppfylt. Desse vilkåra kjem frå regjeringa og er siterte under:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-12-14-andre-og-tredje-ledd-ending-av-reguleringsplan-etter-forenklet-prosess/id3058598/>

«Vilkårene for å kunne endre ein reguleringsplan gjennom forenklet prosess er at endingen i liten grad vil påvirke gjennomføringa av planen for øvrig, ikkje går utover hovuddrammene i planen og heller ikkje berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder, jf. pbl. § 12-14 andre ledd. Spørsmålet er med andre ord ikkje direkte regulert i lovens ordlyd, men kommunen må vurdere konkret om vilkårene er oppfylt dersom det er snakk om å utvide et planområde.

Lovendingen i 2017 innebar at kommunen i større grad enn tidlegare skulle kunne anvende et planfaglig skjønn ved vurderinga av hvilke endingar som kan gjennomførast etter forenklet prosess. Det kan tale for at det ikkje er ubetinget avgjørende om avgrensninga av planområdet beholdes eller utvidast noe. Kommunen må imidlertid vurdere konkret om det vil være forsvarlig med ein forenklet prosess for ending av reguleringsplanen. I denne vurderinga må kommunen særleg ta hensyn til hvilke interesser som blir berørt og om disse interessene har blitt tilstrekkelig ivaretekt gjennom høyringa etter tredje ledd.»

Det første vilkåret vil vera om endinga i liten grad vil påverka gjennomføringa av planen elles. I dette tilfellet er det ein liten del av planområdet som vil påverkast og i sin heilskap vil endinga gjera at «mindre» natur blir brukt, og Nissedal og Jettegrytene særskilte si blir bevart på ein betre måte.

Når det gjeld det andre vilkåret er dette noko som vanlegvis blir grunnleggjande under høyringa. Når det er sagt var det først meininga å få denne vegen inn som ein dispensasjon, men etter samtalar med Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark vart det tilrådd å gjera dette som ein forenkla planprosess.

Samanfatta vil vilkåra i pbl. § 12-14 andre ledd vera oppfylte og ei utviding av planområde kan gjerast gjennom forenkla prosess.

Kriterier for å behandle endinga etter «forenkla planprosess»:

- Endinga ikkje går utover hovuddrammene i planen.
- Justering av grenser og arealformål kan vera aktuelt for forenkla behandling og det tillatast å gjera endingar i arealformål.
- Endinga i liten grad vil påverka gjennomføring ein av planen elles.

- Ikkje er i strid med nasjonale eller viktige regionale interesser (innvendingsgrunnlag). - Ikkje berører jordvern eller viktige naturområde.
- Endringa ikkje er spesielt konfliktfylte (protestar frå naboar vil ikkje nødvendigvis føra til at det ikkje kan gjennomførast ein forenkla planprosess).

Då det var ikkje var tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag med omsyn til naturmangfald, når saka først gjekk på høyring. Har det no vorte gjennomført naturmangfaldsregistrering, som Nissedal kommune fekk 06.11.2025. Det området som vart kartlagt følgjer ønsket ny veg forbi parkeringsplassen og nærings/teneste areal nesten til elva også følgjer den turvegen (GT1) ned til brua ved Skarvetjønnonnen.

Det vil ikkje bli kommentert/vurdert naturmangfaldsregistreringa som følgjer elva og turveg GT1 då desse områda ikkje har noko å seia for den forenkla planprosessen ved ny veg, parkeringsplass og nærings/tenesteanlegg.

I registreringa er det Furustokktjuke og Mørk papirveps som kan få konsekvensar. Vurderinga til kommunen er at Furustokktjuken som er i nærleiken av nærings/teneste arealet er så langt frå dette arealet at det vil få svært lite konsekvensar.

For mørk papirveps som er raudlista sterkt trua, ser det ut som dei fleste registreringane er i sørhellingar med overheng. I planen er vegen plassert inn på så flatt underlag utan å gå inn i myra. Av den grunn om vegen kjem der han er plassert vil han komma seg gjennom myra og området med papirveps utan å forstyrre området stort.



Området vurdert til å ha størst potensial for papirveps, dersom den finnes i tilknytning til det aktuelle planområdet.

Kommunedirektørens tilråding:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 vedtek Nissedal formannskap reguleringsendringane i føresegnene og plankartet som er beskrevet i saksframlegget.

Plankartet:

Regulere inn ny veg tilkomst til parkeringsplass SPP1

Regulere ut gammel veg tilkomst til parkeringsplass SPP1

Regulere inn et område for næring/tjeneste ved parkeringsplass SPP1

Regulere inn et omssynssone H560 for bevaring av natur

Føresegner:

Regulere inn føresegner for næring og tjeneste N/T1

Regulere inn føresegner for omsynssone H560_1

Regulere inn fellesføresegner for heile planområdet

Endre føresegner om turvegar GT1 og GT2

Saksprotokoll i Formannskapet - 26.02.2026

Behandling:

Ian Parry-Jones kom med framlegg om å stryke pkt. 3.3.9 og erstatte med: Områdene skal tilhøyre eigarane av dei eigedomane der områda ligg.

AP v/Paul Willy Setane kom med framlegg om å utsette saka på bakgrunn av ny eigarstruktur i området. Forslaget blei drøfta, men formannskapet kom fram til at saka skulle realitetsbehandlas nå.

Votering:

Tilråding: samrøystes vedteke.

Endringsframlegg til Ian Parry-Jones: samrøystes vedteke.

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 vedtek Nissedal formannskap reguleringsendringane i føresegnene og plankartet som er beskrevet i saksframlegget.

Plankartet:

Regulere inn ny veg tilkomst til parkeringsplass SPP1

Regulere ut gammel veg tilkomst til parkeringsplass SPP1

Regulere inn et område for næring/tjeneste ved parkeringsplass SPP1

Regulere inn et omssynssone H560 for bevaring av natur

Føresegner:

Regulere inn føresegner for næring og tjeneste N/T1

Regulere inn føresegner for omsynssone H560_1

Regulere inn fellesføresegner for heile planområdet

Endre føresegner om turvegar GT1 og GT2

Pkt. 3.3.9 strykas og erstattas med: Områdene skal tilhøyre eigarane av dei eigedomane der områda ligg.